



Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora
info@forskningsetikk.no

Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora - høyring

UiT takkar for høvet til å komma med innspel til utkastet til reviderte retningslinjer. Det er informert om høyringa ved oppslag til alle tilsette, med invitasjon til å komma med innspel eller senda innspel direkte til NESH. (Det kom ingen reaksjonar). Vidare har Forskingsetisk utval ved UiT diskutert forslaget.

UiT har desse merknadane:

Til forslaget om avgrensinga av faga i tittelen til samfunnsvitenskap og humaniora

Ei slik endring kan føra til at det blir uklårt kva fagfelt retningslinjene gjeld for. Teologi og rettsvitenskap er ikkje heilt klart humaniora eller samfunnsvitenskap. Men dette kan gjelda for andre fag og, Forslaget er difor at tittelen skal endrast til *Forskingsetiske retningslinjer for humaniora, samfunnsvitenskap og tilgrensande fag*.

Retningslinjene bør delast opp

Ein del av retningslinjene er ikkje fagspesifikke, men generelle – dei gjeld for alle forskingsfelt. Dei delane av NESH og NENT sine retningslinjer bør skillast ut, samordnast, og innarbeidast i komiteane sine generelle forskningsetiske retningslinjer. Dette gjeld t.d. reglar om forskarfellesskapet og forskingsformidling.

Merknader til teksten

Teksten er forenkla og tydelegare enn gjeldande retningslinjer, og det er positivt. Men han er framleis svært ordrik, med gjentakningar. Innhaldet kan framleis synast vanskeleg tilgjengeleg, og kanskje ikkje så lett å bruka for forskarar i det daglege. Teksten bør kortast ned, og i staden for å gjenta tekst, burde det brukast tilvisingar der det er moeleg.

Vennleg helsing

Jørgen Fosslund
universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Olaug Husabø